



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Steinar G. Sørli, 5557 2154

Vår dato  
17.02.2015  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2015/2660  
Dykkar referanse  
«REF»

Likelydande brev er sendt til kommunane i Hordaland

### UTLYSING AV KULTURLANDSKAPSPRISEN 2015

Kulturlandskapsgruppa i Hordaland ber om kandidatar til Kulturlandskapsprisen for 2015.

#### **Tema 2015: Friluftsliv i jordbrukets kulturlandskap**

I 2015 feirast det nasjonale friluftslivets år. Tilrettelegging av stiar og ferdselsvegar er eit prioritert tiltak for å fremme verdiane i jordbrukets kulturlandskap. I dei siste 20 åra har mange bønder og grendelag arbeid med felles tiltak for å restaurere og gjere infrastrukturen betre i landskapet. Desse infrastrukturtiltaka er med å fremme trivsel og folkehelse, men er også viktig som grunnlagsinvestering for reiseliv og næringsutvikling i bygdene i Hordaland.

Vinnaren av den regionale prisen vert sendt vidare til den nasjonale prisen i 2016 som Hordaland sin kandidat. Den nasjonale prisen arrangerast i samarbeid mellom Norsk Kulturarv, Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdirektoratet

#### **Premiar:**

Regional pris: Kr 50 000,-

Prisen vert delt ut av Fylkesmannen i Hordaland hausten 2015.

#### **Målsetting**

Kulturlandskapsprisen skal vera ei påskjøning til dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap eller verdiar som ligg i kulturlandskapet i Hordaland. Prisen skal delast ut kvart år.

#### **Kven kan nominerast?**

Prismottakar kan vere enkeltpersonar, organisasjonar, bygde og grendelag med fleire.

#### **Jury**

Juryen for prisen er Kulturlandskapsgruppa i Hordaland som er satt saman av representantar frå Fylkesmannen sine landbruks- og miljøvernavingar, Hordaland fylkeskommune ved Kulturavdelinga, Kommunane i Hordaland ved Fitjar kommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Universitetet i Bergen og Norsk Landbruksrådgiving Hordaland.

#### **Forslag til kandidatar**

Kvar kommune vert invitert til å koordinere og koma med forslag v/faginstansar innan landbruk, miljø og kultur saman med dei lokale faglag. Kvar kommune kan fremja eitt forslag eller fleire forslag til kandidatar.

Forslaget skal vera i form av skrifteleg omtale, og i tillegg foto eller annan dokumentasjon. Dersom det ikkje kjem inn kvalifiserte forslag kan KG sjølv foreslå ein prisvinnar.

### **Prisvinnaren**

Det vert kåra ein prisvinnar kvart år. Prisvinnaren kan vera einskildpersonar, fleire gardsbruk eller grender.

### **Invitasjon og markering**

Kåring vert gjort i innan utgangen av hausten 2015. Markeringa skal haldast lokalt hjå prisvinnaren. Det vert lagt opp til eit enkelt arrangement i samarbeid med vinnarkommunen.

### **Frist for innsending av forslag vert innan 30. april 2015.**

Vi ber også om at forslaga vert sendt elektronisk til [fmhosgs@fylkesmannen](mailto:fmhosgs@fylkesmannen)

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Steinar G. Sørli  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

*Gjenpart Kulturlandskapsgruppa i Hordaland*